

FORVALTNINGSREVISJON

Frå tinging via prosjektplan til rapport.

Ved Charles Litsheim, Revisjonssjef forvaltning i VESTLAND REVISJON

Saksgang og prosess

Litt om prosessen.

- Når kontrollutvalet har gjort sitt vedtak om tinging av ein forvaltningsrevisjon vert vedtaket oversendt VESTLAND REVISJON via sekretariatet for kontrollutvalet.
- Tingingsvedtaket vert analysert av revisor.
- Analysa frå revisor munnar ut i ei oppdragsforståing der revisor presiserar, evt spissar og avgrensar oppdraget.
- Revisor si forståing av oppdraget vert kommunisert og diskutert med sekretariatet. Ein omforeint forståing av oppdraget mellom revisor og sekretariatet vert baka inn i revisor sin prosjektplan.

Saksgang og prosess

- Prosjektplanen frå revisor vert lagt fram for og handsama av kontrollutvalet som eiga sak. Kontrollutvalet har gjennom denne praksisen eit formelt høve til å gje sin attendemelding på dei konkretiseringar og presiseringar revisor har gjort i høve tinginga når dei gjer sitt vedtak på prosjektplanen.
- Praksis er vidare at revisor når som helst i prosessen med forvaltningsrevisjonen kan stille på møte i kontrollutvalet for å informere om framdrift ol.
- Vår erfaring er at både kontrollutvalet, sekretariatet og revisor får eit betre eigarskap til, og forankring av det einskilde forvaltningsrevisjonsprosjekt i denne prosessen.

Revisjonsdialogen

- *Viktig suksessfaktor i ein forvaltningsrevisjonsprosess*
- Forvaltningsrevisjon har som finansiell revisjon eit sett av fagstandardar som regulerer kva og korleis revisor skal utføre faget forvaltningsrevisjon. Sentrale faktorar er:
- **Revisjonsdialogen**
- Eit viktig krav i standarden er revisjonsdialogen med den reviderte. VESTLAND REVISJON har som fast praksis å informere kommunedirektøren skriftlig om at forvaltningsrevisjon skal gjennomførast i kommunen.
- Vi gjennomfører også eit formelt oppstartsmøte med kommunedirektøren der vi informerer om prosjektet, og der rammene for dialogen med kommunen vert sett. Det er etter vår erfaring eit sentralt og kritisk viktig suksesskriterium i ein god forvaltningsrevisjonprosess. Dialogen og dei avklaringar som skjer undervegs i arbeidet, ryddar unna moglege unødige kjelder for mistydingar og forseinkingar i arbeidet.

Revisjonsdialogen

- **Kvalitetssikring**
- Intervju og samtalar undervegs i arbeidet vert oversendt kommunen med oppmoding om tilbakemelding på innhaldet.
- Vi kontrollerer at innhenta data frå kommunen er siste versjon.
- Forvaltningsrevisjonsrapporten går alltid til høyring med ønske om tilbakemelding på faktainnhald. Kommunedirektøren får om han vil også legge ved sine eigne kommentarar til rapporten. Kommentarar frå kommunedirektøren vert lagt ved endeleg rapport.

Døme på funn og tilbakemeldingar etter forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

- Døme 1. Forvaltningsrevisjon i ein kommune.
- Tema for forvaltningsrevisjonen: Innkjøpsrutinar. Omfang: Avgrensa til utvalde einingar med fokus på etterleving av rammeavtalar.
- Funn: Kontrollert kommune hadde eit godt utvikla sett av styringsverkty i form av rutiner for internopplæring for innkjøparar, økonomi- og innkjøpsreglement, krav til rapportering, sentralt plassert ansvar for koordinering og støtte til innkjøparar ute i einingane og klåre fullmaktsavgrensingar på innkjøp.
- Vår tilnærming til oppdraget vart difor i fyrste omgang å setje oss inn i styringsverktyet som regulerer innkjøp.

Funn etter gjennomføring av forvaltningsrevisjon døme 1

- Kontrollen av styringsverktya vart gjort mot aktuelt lov- og forskriftsett.
- Neste steg i arbeidet var å kontrollere om praksisen ute i utvalde einingar samsvarer med dei kvalitativt gode rutinene kommune har etablert.
- Funna vi gjorde på einingane syntte avvik frå rutinene og innkjøpsavtalane kommune har inngått. Det vart gjort betydelege innkjøp frå konkurrerande leverandørar. Desse innkjøpa var ikkje klarert med sentral leiing i kommunen, og leiinga hadde ikkje gjort internkontrollar i løpet av året som avdekkja denne praksisen. Einigane ga uttrykk for at dei anten ikkje visste om rammeavtalane (som pliktar kommunen) eller at aktuell leverandør vart for tungvindt å gjere innkjøp frå.

Rådmannen si tilbakemelding

- Avdekka praksis i nokre av einingane var i tillegg til brot på konkurransereglane i lov om offentlege anskaffingar, også avtalebrot med Sogn og Fjordane Felles Innkjøp (SFFI). Rapporten vart sendt på høyring til rådmannen før den vart oversendt kontrollutvalet (i samsvar med krav stilt i standardane for forvaltningsrevisjon). Rådmannen sitt høyringssvar vart vedlagt endeleg rapport oversendt kontrollutvalet. Rådmannen svarte opp rapporten mellom anna slik:

4) Kva er rådmannen sine samla vurderingar av rapportens **konklusjonar** og **tilrådingar**?

Ingen merknad til konklusjonar og tilrådingar ut frå dei fokusområda forvaltningsrevisjonen har fokusert på.

Rådmannen ser på innkjøp som eit risikoområde som krev løpende fokus, opplæring og system for å redusere risiko. Organiseringa med delegert innkjøpsmynde til einingsleiarar, rammeavtaler utarbeida eksternt av SFFI og overordna ansvarleg som har innkjøp som eit av mange ansvarsområde medfører risiko som må fokuserast på. Korrupsjon knytt til innkjøp er og ein risiko som må jobbast med gjennom etisk fokus og gode kontrollsysterm.

5) Vil rådmannen vurdere **framlegg til tiltak** på bakgrunn av anbefalingar i rapporten der desse måtte vere gjeve? I tilfelle kva?

Det er starta opp prosjekt for innføring av elektronisk handel (eHandel). Eit hovudmål med prosjektet er å betre styringa av innkjøp opp mot rammeavtalar og budsjett. Innføringa skal bidra til betre, enklare og sikrare innkjøp gjennom elektronisk kopling mellom kjøpar og leverandør.

Innkjøpsrutina er under revidering.

Effekten av denne forvaltningsrevisjonen

- I handsaminga i kontrollutvalet etter avlevert rapport, var rådmannen invitert inn for spørsmål og ytterlegare kommentarar og vegen vidare.
- Rapporten gjekk til handsaming i kommunestyret, og vart der grundig handsama. Konklusjonane i rapporten vart tekne med i kommunen sitt arbeid med å lage eit heilskapleg kvalitets- og styringssystem.

Døme to: Selskapskontroll med forvaltningsrevisjon.

- Dei 4 kontrollutvala i kommunane som vart samanslått til Sunnfjord kommune tinga ein selskapskontroll med forvaltningsrevisjon der hovudfokus i selskapskontrollen var eigarskapsstyringa medan forvaltningsrevisjonen var retta mot selskapet sin måloppnåing.
- Etter at kontrollutvala hadde vedteke prosjektplanen for oppdraget, vart ordførarane i dei 4 kommunane skriftleg intervjua og formelt oppstartsmøte halde med dagleg leiar i selskapet. I oppstartsmøtet vart premissane for dialogen med den reviderte fastlagt.
- I dette oppdraget var det sentralt for oss å forsikre oss om at vår oppdragsforståing var i samsvar med kontrollutvala sitt oppdragsmandat. Forventningsavklaring koordinert med 4 kontrollutval var av vesentleg tyding for å kunne løyse oppdraget rasjonelt og tilfredsstillende for alle involverte partar.
- Dette tok sjølvsagt tid og ressursar, men det var avgjerande for at rapporten skulle kunne møte forventningane til dei 4 kontrollutvala.

Funn etter selskapskontrollen. Sitat frå rapporten:

Konklusjon

- [REDACTED] kommune kan ikkje seiast å ha etterlevd eigarmeldinga sitt krav til klar og føreseieleg kommunikasjon mellom eigarrepresentantar og kommunestyret.
- Utsendingar til representantskapsmøte kan drøfte saker med kommunestyret når det er naudsynt. Hastesaker kan drøftast med formannskapet. Men dette har i liten grad blitt nytta.

Konklusjon

- [REDACTED] kommune har ein føreseieleg og klår kommunikasjon mellom eigarrepresentant og bystyret i forkant av representantskapsmøter i selskap med eigarinteresse.
- [REDACTED] kommune drøftar eigarpolitikken minst ein gong i valperioden.

Funn etter selskapskontrollen. Sitat frå rapporten:

Konklusjon.

- Eigardialog med representantar frå [REDACTED] i eigarorgan har ikkje hatt stort fokus og har ikkje vorte nytta.

[REDACTED] kommune har ikkje svara på vår e-post med intervjuuspørsmåla vedlagt, så vi har ingen data å leggje fram i denne rapporten.

[REDACTED] kommune har vedteken eigarskapsmelding for 2017-2019.

Funn i forvaltningsrevisjonen av selskapet

- Eit av fleire funn i denne forvaltningsrevisjonen er at det i selskapsavtalen mellom eigarane er eit krav om «særleg miljøvenleg drift.» Denne målformuleringa er ikkje nærmare konkretisert i andre styringsdokument. Kva eigarane legg i formuleringa «særleg miljøvenleg» er såleis opp til styret/dagleg leiar å avgjere.
- Vi har difor tilrådd eigarane å presisere kva dei legg i ordlyden.
- Vi siterar frå rapporten:

Konklusjonar

- Sunnfjord Miljøverk IKS ivaretok målet om å drive miljøvenleg målt mot krav stilt i løyvet frå Fylkesmannen.
- Vi kan ikkje konkludere på om Sunnfjord Miljøverk IKS ivaretok målet i selskapsavtalen § 2 nr. 5 om: «særleg vekt på miljøvenleg drift», då dette ikkje er nærrare definert og konkretisert av eigarane.

Tilråding

- Vi tilrår at det vert vurdert å presisere kva eigarane legg i ordlyden «særleg vekt på miljøvenleg drift» i selskapsavtalen § 2 nr. 5.

Effekten av denne selskapskontrollen med forvaltningsrevisjonen

- Sunnfjord kontrollutval handsama selskapskontrollen med forvaltningsrevisjon i sitt møte den 31.01.2020.



[06/20 - 20/64 - Felles selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Sunnfjord Miljøverk - rapport](#)

Journaldato: 14.01.2020

[3 dokumenter](#)

Arkivsak

[18/166 - Felles selskapskontroll / forvaltningsrevisjon i Førde, Gauldal, Jølster og Naustdal - Sunnfjord Miljøverk](#)

Brevdato:

[14.01.2020](#)

Dokumenttype:

[Saksfremlegg](#)

Journaldato:

[14.01.2020](#)

Ansvarlig enhet:

[SEKOM-sekretariat](#)

Dokumenter

- [Felles selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Sunnfjord Miljøverk - rapport](#) (Hoveddokument , 473KB)
- [Selskapskontroll med forvaltningsrevisjon - Sunnfjord Miljøverk, datert 25.10.2019](#) (Vedlegg , 1MB)
- [Klipp fra Eigarmelding Sunnfjord kommune](#) (Vedlegg , 258KB)

Vedtak

Rapport frå selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Sunnfjord Miljøverk datert 25.10.19 vert teken til vitande.

Det er viktig at Sunnfjord kommune sikrar god oppfølging av eigarskapsstrategi. Mellom anna med systematisk dialog mellom kommunestyret og dei som representerer kommunen i selskapa sine eigarorgan.

Sunnfjord kommune bør arbeide for ei nærmare presisering av formulering i selskapsavtala om særleg vekt på miljøvenleg drift.